




Kultur- og kyrkjedepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO



HØRINGSBREV - " BIBLIOTEKREFORM 2014"

Viser til mottatt høyringsnotat dat. 05.01.07.

Tysvær Kommunestyret behandla saka i møte den 12.04.07 og vedtok følgjande uttale til Bibliotekreform 2014:

Generelle kommentarar:

Det er lenge sidan biblioteket var avgrensa til "ein stad å låne gode bøker". Biblioteka har og lange tradisjonar med samarbeid i nettverk. Sidan årtusenskiftet har fokus på tilbod og tenester knytte til internett i stadig aukande tempo prega bibliotektenesta også i mindre kommunar. Ein har kunna glede seg over stadig lettare tilgang til andre bibliotek-katalogar, nyttige kjelder i fulltekst på nettet og andre hjelpemiddel som aukar servicenivået overfor brukarane. Bibliotekreform 2014 gjev visjonar for eit framtidretta bibliotekvesen på tvers av bibliotektyper.

Til dei viktigaste framlegga:

Felles nasjonale digitale tenester: Etter kvart som mangfaldet av digitale tenester har auka, er det stadig større utfordringar for personalet å halde seg oppdaterte. Side 40-43 i utgreiinga viser i tabellform kva bibliotekreformen vil krevje av statleg innsats. Mange av tiltaka går på utvikling av det digitale biblioteket. Skal biblioteket ha ein sentral rolle i framtidens mediaverd er det heilt avgjerande at ein her får sentrale tilbod og løysingar.

Noregsbiblioteket: Mange folkebibliotekfilialar har blitt nedlagde dei siste tiåra. I mange små og mellomstore kommunar - også Tysvær kommune - har dette vore ei naturleg utvikling. Reformen foreslår konsolidering av biblioteka til einingar med minimum 6-8 årsverk. Dette vil for mange kommunar medføre samordna drift med ein eller fleire andre kommunar.

Skal bibliotekreformen bli det store løftet, må og kommunane som bibliotekeigarar vere med på satsinga. Å vente seg ei rask opptrapping i talet på stillingar er likevel ikkje realistisk. I eit konsolidert bibliotek kan det difor lett bli konsentrasjon av kompetanse ved hovudbiblioteket, med fare for reduksjon eller nedlegging av andre einingar. Med ein felles biblioteksjef vil biblioteklovens krav til fagutdanna sjef i kvar kommune falle vekk, noko som kan vere med å forsterke ei slik utvikling.

Truleg har ikkje alle resterande bibliotekeiningar livsens rett i framtida, men me er skeptiske til ei reform som gjev ekstra fart til nedlegging.

Kommunene legg ulik vekt på samarbeidet mellom folkebibliotek og skulebibliotek. I eit konsolidert bibliotek kan dette medverke til ei svakare utvikling av samarbeidet enn einstilte kommunar ynskjer.

Nei til konsolidering på tvers av kommunegrensene er ikkje det same som nei til samarbeid. Av mange gode tiltak i utgreinga vil me særleg trekkje fram forslaget om regionale transportordningar for lån biblioteka imellom. Regionale transportordningar vil kunne gje ei betre utnytting av mediaressursane ved alle biblioteka. Det vil også gje opning for å låne inn film og musikk, som elles vanlegvis ikkje er omfatta av fjernlånsordninga. Eit organisert lånesamarbeid på regionalt plan kan og leggje grunnen for anna samarbeid, t.d. ved val av media.

Med helsing

Arvid S. Vallestad
rådmann

Hilde A. Surnevik
Hilde A. Surnevik
konsulent